



TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE V/ FYLKESTINGET.

ÅRSREKNESKAPEN 2016 FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

Kontrollutvalet har i møte 8.5.2017 handsama Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2016.

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Av rekneskapen for 2016 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 248,2 mill dvs. netto resultatgrad på 2,88 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 5,0 % i 2016. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) Riksrevisjonens undersøkelse av kommune-nes låneopptak og gjeldsbelastning. Her er det undersøkt saman hengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn tilsvarande 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Hordaland fylkeskommune har ei lånegjeld tilsvarande 109,2 % av sum driftsinntekter, altså monaleg høgare enn tilrå-dinga frå Riksrevisjonen. Talet har også auka frå 2014, då det var 96 % og 2015, då det var 101,6 %. Tilsva-rande er disposisjonsfondet på 2,31 % av driftsinntektene. Dette er ein nedgang frå 4,36 % i 2014 og 2,81 % i 2015. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Hordaland fylkeskommune sær høg lånegjeld. Dis-positjonsfondet er noko lågt. Samstundes har fylkeskommunen eit driftsresultat for 2016 som ligg under tilrå-dinga frå TBU og godt under snitt for fylkeskommunar, trass i at same årsresultatet målt i kroner synest vera rimeleg bra.

Kontrollutvalet merkar seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Større skatteinngang enn budsjettert, kombinert med stram og god økonomistyring i organisasjonen, gav Hordaland fylkeskommune ein gledeleg rekneskapspluss for 2016.

Hordaland fylkeskommune har gjennom mange år investert tungt i nye, moderne skulebygg, fylkesvegar, infrastruktur for kollektivtrafikken og i tannklinikkar. Det har ført til høg lånegjeld som no er på om lag 10 mrd. kr, ein auke på 950 mill. kr siste året.

Trass i det positive rekneskapsresultatet, har fylkeskommunen ein krevjande økonomisk situasjon. Det må prioriterast grundig i aktivitetar og tenestetilbod dei komande åra.

Eg vil gje honnør til alle einingane og medarbeidarane for det vi har oppnådd, men det er framleis behov for stor innsats i tida som kjem. God økonomistyring må ha høg prioritet, og vi må halda fram med å arbeida målretta for å betra drifta vår og dei tenestene vi leverer.»

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «etikk», «likestilling» og «diskriminering» skal omtalast. Kontrollutvalet registrerer at dette er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2016.

Kontrollutvalet tilrår at fylkeskommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2016 nr. 17, frå Deloitte. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i fylkeskommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Dessutan samanhengen mellom netto driftsresultat, langsiktig lånegjeld og ubunde disposisjonsfond. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2016 nr. 17, frå Deloitte
- Kontrollutvalet er uroa over at Hordaland fylkeskommune si lånegjeld har auka for fleire år på rad og ligg monaleg over Riksrevisjonen si tilråding. Den er 109,2 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd å ligga under 75 %. Disposisjonsfondet er lågt i høve Riksrevisjonen si tilråding på minimum 5 %. Samstundes har fylkeskommunen eit driftsresultat for 2016 som ligg under tilrådinga frå TBU og godt under snitt for fylkeskommunar, trass i at same årsresultatet målt i kroner synest vera rimeleg bra.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 07.04.2017 og revisjonsrapport 2016, nr. 17, dagsett 07.04.2017, har kontrollutvalet ikkje merknader til Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2016.

Bergen, 8.5.2017

Inge Reidar Kallevåg
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Hordaland fylkeskommune, fylkesutvalet